


8 kilometer skogsveg planlagt

25.02.2014



Dette er prosjektet Rød i hovudplanen

I Uskedalsområdet er det planlagt 8,3 kilometer

**skogsveg, går det fram av hovudplanen som no føreligg.
Det gjeld prosjekta Rød, Ytre Rød, Eikedalen, Kjerland
og Døssland Fet til ein samla byggjekostnad på 8,3
millionar**

Det er i dag registrert 219 189 meter skogsveg i kommunen. Hovudplanen skisserar ein trong for 46 kilometer ny veg og det vil løysa ut 12 500 dekar kulturskog med 600 000 kubikkmeter hogstmoden skog til ein førstehandsverdi på 210 millionar kronar.

Kulturskogen i Kvinnherad veks med 40 000 til 60 000 kubikkmeter i året og det betyr ein førstehandsverdi på 16-25 millionar. Men dette talet kan i samfunnsverdi 12-doblast. Mykje av dette skal hoggast i dei næraste 10 til 20 år og det er difor stor trong for vegar til skogen og planen viser dei områda der trongen er størst.

Mykje veg er bygd, ikkje minst etter stormskader. Desse vegane og kaiane gjer at det kan leverast tømmer til marknader som er tilgjengelege. Mykje vert sendt til andre delar av landet men det er lokalt fleire brukarar og Trelasten på Sandvoll er den største einskildbrukaren. Etter kvart kjøper fleire også massevike til bioenergi.

Dette er dei lokale prosjekta:

Rød 3196 meter
Ytre Rød 422 meter
Eikedalen 793 meter
Kjerland 2 379 meter
Døssland Fet 1 506 meter

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



No er det tømmerhogst igang også i Uskedalen, nærare bestemt i Kjærlandslio og det ber lageret på Børnes kai preg av.